



Forskrift 01.01.2020 om folkevalt sin rett til godtgjering og velferdsgode i Aukra kommune

Fastsett av Aukra kommunestyre 18. juni 2020 med heimel i lov 22. juni 2018 nr. 83 om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven) kapittel 8.

Innhald:

Kapittel 1 Føremål og verkeområde.....	2
Kapittel 2 Godtgjersle.....	2
Kapittel 3 Rettar og plikter	4
Kapittel 4 Dekking av utgifter og økonomisk tap	6
Kapittel 5 Dispensasjon og andre forhold	8
Kapittel 6 Endring og iverksetjing.....	8

Kapittel 1 Føremål og verkeområde

§ 1 Føremål

Formålet til forskrifta er å regulere rettar og plikter etter kommunelova kapittel 8 for folkevalde i Aukra kommune.

Forskrifta skal tydeleggjere kva kriterium Aukra kommune legg til grunn for slik godtgjering og utgiftsdekning, og kven som blir omfatta av ordninga.

Forskrift for godtgjering blir vedteken av kommunestyret innan 31. juni det året det skal gjennomførast val til nytt kommunestyre.

§ 2 Verkeområde

Forskrifta omfattar medlemmer i folkevalde organ og andre politisk valde representantar i ulike råd og utval. Forskrifta omfattar også kommunalt tilsette som møter ut frå partsforhold som er heimla i lover eller avtalar.

Kapittel 2 Godtgjersle

§ 3 Møtegodtgjersle

Folkevalde har ikkje eit tilsetjingsforhold i kommunen. Godtgjeringa er ikkje å forstå som lønn. Godtgjering og utbetaling av tapt arbeidsinntekt er likevel skattepliktig som inntekt. Det blir trekt skatt i samsvar med skattekort.

All godtgjering blir fastsett i prosent av ordførar si godtgjersle. Kalkylegrunlaget skal justerast med verknad frå 1. november kvart år, basert på den godtgjersla som er gjeldande for ordførar per 1. mai same år.

Kommunestyret vedtek som hovudregel møtegodtgjersle for dei einskilde utval etter gruppe A og B. Unntak frå denne regelen kan kommunestyret gjere når det er viktige grunnar for det.

Godtgjeringa til folkevalde gir ikkje rett til feriepengar. Møtegodtgjersle blir utbetalt i november kvart år.

§ 4 Utmåling av satsar for møtegodtgjersle

Folkevalde har krav på godtgjering etter gjeldande satsar:

Utval	Fast årleg godtgjering	Utbetaling
Ordførar	10,5 G	12 gonger per år
Varaordførar	12% av ordførar si godtgjersle	12 gonger per år
*Formannskapsmedlem	Kr 25 000	November
*Livsløpsutvalet leiar	Kr 25 000	November
*Drift og areal leiar	Kr 25 000	November
*Kontrollutval leiar	Kr 25 000	November
*Overskattetakstnemnda leiar	Kr 25 000	November
*Skattetakstnemnda leiar	Kr 25 000	November

Godtgjering per møte gruppe A

Leiar i gruppe A	Prosentstatts av ordførar si godtgjersle	Utbetaling
Drifts- og arealutvalet	0,184	November
Livsløpsutvalet	0,184	November
Kontrollutvalet	0,184	November
Eldrerådet	0,184	November
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	0,184	November
Administrasjonsutvalet	0,197	November
Skattetakstnemnda	0,200	November
Overskattetakstnemnda	0,200	November

Medlemmar i gruppe A	Prosentstatts av ordførar si godtgjersle	Utbetaling
Kommunestyret	0,145	November
Formannskapet	0,145	November
Administrasjonsutvalet	0,145	November
Valstyret	0,145	November
Klagenemnda	0,145	November
Drifts- og arealutvalet	0,145	November
Livsløpsutvalet	0,145	November
Kontrollutvalet	0,145	November
Eldrerådet	0,145	November
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	0,145	November
Skattetakstnemnda	0,184	November
Overskattetakstnemnda	0,184	November

Godtgjering per møte gruppe B

Leiar i gruppe B	Prosentstatts av ordførar si godtgjersle	Utbetaling
Ungdomsrådet	0,094	November
Namneutval	0,094	November
Viltnemnda	0,094	November

Medlemmar i gruppe B*	Prosentstatts av ordførar si godtgjersle	Utbetaling
Ungdomsrådet	0,08	November
Namneutval	0,08	November
Viltnemnda	0,08	November
Representant i samarbeidsutval ved grunnskular og kommunale barnehagar	0,08	November
Sogenemnda	0,08	November

*Folkevalde som er valt inn som kommunens representant i andre organ som ikkje er nemnd i denne forskrifta, får utbetalt møtegodtgjersle etter satsane definert i gruppe B dersom organet sjølv ikkje utbetalar godtgjersle. Oversikt over kva organ dette gjeld, står oppført i Politisk reglement for Aukra kommune 2019-2023 kap. 4.

§ 5 Godtgjering til vara for leiar

Vedkommande som må gå inn som leiar i faste utval ved sjukdom eller anna fråvær, skal ha utbetalt leiargodtgjersle i den tid vedkommande har leiaransvaret.

Når eit medlem i kommunestyret må gå inn som varaordførar i kommunestyremøta ved sjukdom eller anna fråvær, skal vedkommande ha ei møtegodtgjersle på 0,145 % av ordførar si godtgjersle.

§ 6 Fleire møte på same dag

Dersom medlemmer blir innkalla til fleire utval same dag, har dei rett på møtegodtgjersle berre for det utvalet som har den høgste godtgjersla.

§ 7 Avgrensing i utbetaling av fast godtgjersle

Dersom ein folkevald deltek i mindre enn 2/3 av dei møta som det folkevalde organet har i løpet av kalenderåret, blir den årlege faste godtgjersla redusert med 50%. Er deltakinga mindre enn 1/3 av møta, blir den årlege redusert godtgjeringa med 75 %. Føresegna gjeld berre for dei utvala som har fast årleg godtgjersle.

Denne føresegna kjem likevel ikkje til anvendelse dersom fråværet skuldast sjukdom og legeerklæring vert lagt fram.

Ved forfall grunna sjukdom skal legeerklæring/sjukemelding leverast for vervet som politiker etter folketrygdlovens reglar kap. 8 for medlemmar med kombinerte inntekter, jf. §§ 8-40 til 8-43.

§ 8 Møtegodtgjersle blir ikkje betalt

- a) der organet sjølv betaler ut møtegodtgjersle,
- b) til offentlege tilsette som møter i samband med den stillinga dei har, og der deltaking i utvalsarbeidet må sjåast på som ein naturleg del av deira arbeidsoppgåver,
- c) til representantar for dei tilsette som tek del i møte i si ordinære arbeidstid (for møtedeltaking utover arbeidstida gjeld dei vanlege reglane og tilvisingsrutinane som for overtidsbetaling).
- d) ved deltaking på kurs, seminar eller andre representantsoppgåver som blir haldne av andre enn kommunen, jf. § 16 om tapt arbeidsforteneste.
- e) for reisetid.
- f) for deltaking i folkevaldopplæring, jf. § 16 om tapt arbeidsforteneste.

§ 9 Godtgjersle til ordføraren

Ordføraren vert kjøpt fri på heiltid med ei fast godtgjersle fastsett av kommunestyret. Godtgjersla inkluderer all kommunal møteverksemd.

Godtgjersle til ordføraren er sett til 10,5 G. Godtgjersla vert justert kvart år i tråd med endringane i grunnbeløpet i Folketrygda, og vert justert per 1. mai kvart år.

Ordføraren skal ha fri telefon.

§ 10 Godtgjersle til varaordførar

Godtgjersle til varaordførar blir 12 % av ordførar si godtgjersle i budsjettåret.

Godtgjersla omfattar deltaking på alle møte. Det omfattar å møte i staden for ordførar ved ordførar sitt fråvær. Det omfattar også å erstatte ordførar under ordinær ferie og fråvær ved sjukdom under 3 dagar.

Ved lengre sjukefråvær og permisjon, skal varaordførar ha ordførar si godtgjersle etter 3 yrkedagar.

Varaordføraren har ikkje rett til utbetaling av feriepengar, men får utbetalt godtgjersle fordelt som 12 like månadsgodtgjerigar.

Det vert ikkje betalt tapt arbeidsforteneste i tillegg.

Kapittel 3 Rettar og plikter

§ 11 Rett til sjukepengar

Folkevalde som har eit tillitsverv som sitt hovudarbeid, har same krav på sjukepengar som tilsette i kommunen, jf. kommuneloven § 8-8.

Kommunen skal betale sjukepengar tilsvarande full godtgjering i arbeidsgjevarperioden frå den første til den sekstande sjukedagen, jf. folketrygdloven § 8-19.

Har ordføraren krav på godtgjering utover seks gonger grunnbeløpet, jf. folketrygdloven § 8-10 andre ledd, skal kommunen betale forskjellen mellom det ordføraren har krav på å få utbetalt i sjukepengar frå folketrygda og det ordføraren ville ha fått i godtgjering i den same perioden, jf. kommuneloven § 8-8.

§ 12 Permisjonar

Folkevalde som har eit tillitsverv som sitt hovudarbeid, har etter søknad rett til permisjon i samsvar med arbeidsmiljøloven §§ 12-1, 12-10, 12-12 og 12-15.

Under permisjonen vil den folkevalde behalde godtgjeringa si i inntil to veker, med mindre han eller hun gjer avkall på den. Under svangerskapspermisjon, omsorgspermisjon, fødselspermisjon og ved barn og barnepassar sin sjukdom har den folkevalde rett til å behalde godtgjeringa etter same reglar som gjeld for tilsvarande permisjonar for tilsette i kommunen.

Søknad om permisjon vert avgjort av kommunedirektøren.

§ 13 Rettar ved yrkesskade

Folkevalde som har eit tillitsverv som sitt hovudarbeid, skal meldast inn i kommunens yrkesskadeforsikring som gir tilsette i kommunen rett til ytingar ved yrkesskade, jf. kommunelova § 8-9.

§ 14 Pensjon

Ordføraren har rett til pensjon i tråd med kommunens pensjonsordning.

Ordføraren blir innmeldt i den kommunale pensjonsordninga i KLP så sant ikkje anna vert skriftleg avtalt mellom ordføraren og kommunen.

§ 15 Ettergodtgjering

Folkevalde som har eit tillitsverv som sitt hovudarbeid, har etter søknad rett til

ettergodtgjering i 3 månadar når vervet er avslutta.

§ 16 Feriepengar

Ordføraren har rett på 5 veker ferie. Varaordførar trer inn som ordførar ved avviking av ferie etter nærare avtale med ordføraren.

Ordføraren har ikkje rett til utbetaling av feriepengar, men får utbetalt godtgjersle fordelt som 12 like månadsgodtgjeringar.

Kapittel 4 Dekking av utgifter og økonomisk tap

§ 17 Rett til dekning av utgifter og økonomisk tap

Den som har eit tillitsverv i Aukra kommune, har krav på

- a) Skyss-, kost- og overnattingsgodtgjersle for reiser i samband med vervet
- b) Dekt utgifter som følgje av vervet, også utgifter til andre for å få utføre nødvendige arbeidsoppgåver, barnepass og andre omsorgsoppgåver ein i samband med utføringa av vervet, ikkje sjølv kan utføre
- c) Erstatning for tapt inntekt som følgje av vervet.

Krav etter fyrste ledd skal setjast fram for sekretariatet så snart som mogeleg og seinast innan ein månad etter at kravet oppstod. Kravet skal dokumenterast. Krav etter første ledd bokstav b eller c som ikkje kan dokumenterast, blir likevel dekt dersom utgiftene eller tapet er sannsynleggjort på ein annan måte.

§ 18 Utmåling av utgifter og økonomisk tap

Godtgjering for skyss, kost og overnatting etter § 17 fyrste ledd bokstav a gis for reiser over 3 km etter dei til ein kvar gjeldande satsane i kommunen sitt reiseregulativ.

- a) Reiseutgifter mellom bustad og møtestad blir dekt etter rekning.
- b) Når det gjeld tenestereise utanom dei politiske møta, skal representanten leggje fram kopi av møteinnkalling og kvittering for utlegg.
- c) Passasjertillegg blir gitt til passasjerar som elles har krav på at kommunen dekkjer skyssutgiftene deira.
- d) Betalte ferjebillettar blir godtgjort med pris for einskildreiser etter normaltakst-regulativet når billett blir levert, elles etter verdikort.
- e) Når representanten for kommunen deltek på møte eller konferansar, blir kostgodtgjersle ikkje betalt under opphald med full pensjon (pensjonspris) eller når kommunen dekkjer alle måltid.
- f) Reiserekningane skal leverast elektronisk ved bruk av kommunen sitt system for reiseutgifter. Vedlegga skal leggjast inn i den elektroniske reiserekninga.

Utgifter etter § 17 første ledd bokstav b vert dekt etter følgjande satsar:

Utgift	Sats
Ekstra utgifter til barnepass, tilsyn av eldre/funksjonshemma eller tilsyn med næringsverksemd.	Kr. 250 per time og maks kr. 1 250,- per møte. Dette gjeld også for tidsrom utover kl. 16.

Tapt inntekt etter § 17 første ledd bokstav c vert delt inn i legitimert/dokumentert tap av inntekt og ulegitimert tap av inntekt. Tapt inntekt vert dekt etter gjeldande satsar:

Utgift	Sats
Legitimert/dokumentert tap av inntekt	Inntil 0,35% av ordføraren si godtgjersle per dag
Ulegitimert tap av inntekt	Inntil 0,15% av ordføraren si godtgjersle per dag
Representantar som er utan vanleg lønsinntekt	Inntil 0,05 % av ordføraren sin årlege godtgjering per dag

- a) Godtgjersle for tapt arbeidsforteneste blir berre ytt til dei som har eit faktisk tap i arbeidsfortenesta. Krav på godtgjersle bør fremjast av arbeidsgivaren til den folkevalde for å hindre eit tap i pensjon og feriepengar. Som dokumentasjon for tapt arbeidsforteneste skal lønsmottakarar nytte skjema for «Erklæring om tapt arbeidsforteneste».
- b) Legitimert/dokumentert tap av inntekt er den lønna arbeidsgjevaren stadfestar at arbeidstakaren taper ved å delta i politiske møter, eller ein næringsdrivande kan påvise bl.a. ved å leggje fram likningsoppgåve. Kommunalt valde representantar har rett til dekning av legitimert tapt arbeidsforteneste. Føresetnaden for å krevje slik erstatning er at det ligg føre eit faktisk økonomisk tap. Det kan heller ikkje krevjast erstatning for fråvær som blir innarbeidd.
- c) Ulegitimert tapt arbeidsforteneste blir definert i denne samanhengen som tapt arbeidsforteneste som ikkje kan legitimerast frå arbeidsgivar/oppdragsgivar. Det er rimeleg å leggje til grunn at den som får fri i ordinær arbeidstid utan lønnstrekk for å utføre politiske verv, ikkje har tap av inntekt. Slike tap må i så fall sannsynleggjerast.
- d) Ulegitimert tap vert ikkje gjeve automatisk, men etter søknad.
- e) Sjølvstendige næringsdrivande skal leggje fram likningsattest. Tap per dag blir utrekna etter netto årsinntekt dividert på 260 dagar. Dersom likningsattesten ikkje gir gode nok opplysningar for utrekning av tapt arbeidsforteneste, kan ein i tillegg til likningsattesten leggje ved utskrift av likninga, næringsoppgåve eller anna dokumentasjon som kan godkjennast av kommunedirektøren.
- f) Dokumentasjon for berekning av grunnlaget for tapt arbeidsforteneste skal leggjast fram kvart år etter førespurnad frå kommunedirektøren.
- g) Tapt arbeidsforteneste vert utbetalt i tidsrommet kl. 08.00 – 16.00 dersom ikkje anna kan dokumenterast, men i hovudsak ikkje utover 7,5 timar kvar dag

§ 19 Økonomisk tap ved andre oppdrag enn kommunal møteverksemd

Under synfaringar som blir pålagt av utvalet, kommunedirektøren eller ordføraren, får medlemmane skyss- og kostgodtgjersle, møtegodtgjersle og eventuelt refusjon for tapt arbeidsforteneste etter kapittel 2 og kapittel 4 § 17 første ledd bokstav a.

Ved deltaking på kurs, seminar eller andre representasjonsoppgåver som blir haldne av andre og er godkjent av ordførar eller kommunedirektør, får vedkomande dekt skyss- og kostutgifter og erstatning for eventuelt tapt arbeidsforteneste (opp til beløpsgrense) etter § 17 første ledd bokstav c. Det vert ikkje utbetalt møtegodtgjersle eller godtgjersle for reisetida.

I byrjinga av kvar valperiode blir det arrangert folkevaldopplæring. Opplæringa skal m.a. omhandla rolla som folkevald og rammer for politisk arbeid. Opplæringa er obligatorisk og deltakarane får refusjon for tapt arbeidsforteneste etter § 17 første ledd bokstav c. Deltakarane får ikkje utbetalt møtegodtgjersle, jf. § 8 f.

§ 20 Krav om utbetaling

Tapt arbeidsforteneste og reiserekning vert utbetalt månadleg etter rekning og dokumentasjon.

Frist for innlevering av rekning og dokumentasjon er innan den 20. i kvar månad.

Kapittel 5 Dispensasjon og andre forhold

§ 21 Dispensasjon og godtgjersle til andre utval, styre, nemnder eller råd

Formannskapet eller den det gir fullmakt til, har i særtilfelle fullmakt til å dispensere frå desse føresegnene, og til å fastsetje eventuell godtgjersle for utval, styre, nemnder og råd som ikkje kjem automatisk inn under dette reglementet.

§ 22 Kommunal rapport

Abonnement på Kommunal rapport vert teikna for medlemmane i kommunestyret.

Kapittel 6 Endring og iverksetjing

§ 23 Endring av forskrift

Endringar av denne forskrifta kan berre gjerast av kommunestyret.

§ 24 Iverksetting

Desse føresegnene blir gjort gjeldande frå kommunestyrets vedtaksdato. Frå den tida forskrifta tek til å gjelde, vert tidlegare reglement om godtgjersle oppheva.